



Den menneskjelege vulkan i aksjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

60-årsframsyninga til Cirkus Arnardo på Rabben måndag kveld vart sett av 1.500! Fleire er det ikkje plass til i teltet til eit sirkus som Noreg verkeleg har grunn til å vera stolt av. Og det er ingen grunn til å klaga over at det tok ein halvtime ekstra å stabla inn alle, for dette var eit show i toppklassen. Og nok ein gong er det berre å slå fast at Uskedalen er ein svært god spelestad for Arnardo.



1.500 såg sirkus i Uskedalen måndag! Køa var lang og det tok si tid å avvikla ho. (Foto: Ola Matti Mathisen) Sjølv om nokre av numra var høgdramatisk skal Arnardo framfor alt berømmast for at dette var eit triveleg og lunt familiesirkus. Det hadde ikkje minst det framifrå klovneparet Jimmy frå Italia og Francesco frå Frankrike æra for. Dei var limet som knytte framsyninga harmonisk saman og hadde fritt spelerom for dei mangfaldige ablegøyene sine i manesjen.

Klovnane var toneangivande og ikkje berre eit lite og påklistra humor-ekstra slik klovnar ofte er.

Men det bør leggjast til at hvis klovnar skal få lov til å spela hovudrolla på dette viset, bør dei vera så gode som denne duoen.



Klovnane var limet i framsyninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Når det elles gjeld enkeltprestasjonar var sjølv sagt den menneskelege vulkan, russaren Anatoli Joukov, i ein særklasse fordi det truleg ikkje finst maken til sirkusnummer i verda. Sjølv Arild Arnardo har ikkje opplevd noko slikt og han har sett 1.500 artistar berre i eigen manesje!

Sjølv godt oppe på tribuna kjende ein varmen når Joukov sendte sine søyler av brennande jettflydrivstoff opp under kuppelen. Korleis mannen ser ut inni etter å ha drukke slike mengder med ekstrem væske må vera noko for forskarar!



Kor var Paolina? Det er ein illusjon som aldri blir oppklara! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Oppunder kuppelen er det Duo Splash som boltrar seg denne gongen og nummeret får høg karakter på grunn av sin iskalde, blå innramming. Då er eg ikkje fullt så begeistra over håndstandsakrobatikken til Glen Nicolodi fordi eg har sett slikt mange gonger før, men han høyrer med i ein mangfoldig heilheit saman med sykkelakrobaten Paul Chen.

Det gjer og den kinesiske Huachen Acrobatic Troupe med samstemt diabolos.

Dyra har ikkje ein så stor plass i denne framsyninga som mange gonger tidlegare, men både elefantar og ponniar er med og bør få lov til det også i framtidas sirkus!

Ein sirkustradisjon (og Arnardotradisjon) som heller ikkje døyr er illusjonane, som Are og Paolina Arnardo tek seg av på framifrå vis.

Ellers er det rart å tenkja på at det faktisk er 60 år sidan Arne Arnardo starta sirkus i eige telt - nærare bestemt i min heimby Kongsvinger den 29. april 1949. Eg var sju år, men hugsar det som det var i går!

Av Ola Matti Mathisen



Blå akrobatikk under kuppelen. (Foto: Ola Matti Mathisen)